

Nærings- og Fiskeridepartementet  
Postboks 8118 Dep  
NO-0032 Oslo  
[postmottak@fkf.dep.no](mailto:postmottak@fkf.dep.no)

## **HØYRINGSSVAR – ENDRING AV ORDNINGA MED UNDERVISNINGSKVOTAR - LÆRLINGKVOTE**

Me viser til høyringsbrev av 10.6.14.

Pelagisk Forening er svært positive til rekruttering i næringa, og alle medlemsreiarlaga har eller har hatt lærlingar om bord. Somme av fartya har òg fleire lærlingar om bord samstundes.

Pelagisk Forening meiner likevel at gode grunnar talar for at forslaget er bør leggest bort. For det fyrste fører forslaget til auka byråkratisering. I tillegg spelar ei «gulrot» på ca. 30 000 kr liten rolle når eit reiarlag vurderer om dei skal ta om bord lærlingar eller ikkje. Forslaget høver dårleg til regjeringa sine talar om forenkling og redusert byråkrati.

I forslaget er ordninga tenkt finansiert ved å ta frå gruppekvoteane. Det fører til at reiarlag som ikkje har nytte av lærlingane sin arbeidskraft er med på å finansiera ordninga.

Det er òg uvisst kva som skal skje med «lærlingskvotane» dersom det ikkje mange nok lærlingar.


P.t. er òg forslag om struktur for ringnot, torsketrål og farty under 11 m på høyring. Dersom desse forslaga blir vedtatt vil det sjølvsagt føra til eit dramatisk fall i talet på fiskefarty. Behovet for mannskap og lærlingar blir då mindre. Det tilseier òg at foreslått ordning ikkje er naudsynt.

Når det er slik at styresmaktene ynskjer å stimulera til at fleire reiarlag tek lærlingar om bord er det beste verkemiddelet auka tilskot direkte til reiarlaga som har lærlingar

Me ber med dette om at forslaget blir lagt bort.

Bergen 5.7.14.

Med vennleg helsing  
Pelagisk Forening

  
Torstein Solem  
Dagleg leiar

  
Ask Økland  
Advokat